

**Fløsvika, Leiknes,  
Lindås kommune**

**Reguleringsføresegner for  
Fløsvika, gnr 196, bnr 4 m.fl.**

Planid: 1263-201009  
Saksnummer: 2010/1688  
Dato sist revidert: 02.05.14

**REGULERINGSFØRESEGNER**

**FØREMÅL**

Føremålet med planarbeidet er å få regulert eigedomar til bustader konsentrert og til bustader frittliggjande.

**§ 1  
FELLESFØRESEGNER  
(pbl § 12-7 )**

**Dokumentasjon ved søknad om  
tiltak**

**§ 1.1 Intensjonen med reguleringsplanen**  
I søknad om tiltak etter pbl § 20-1 skal det gjerast greie for at intensjonen med reguleringsplanens plankart og føresegner blir oppfylt.

**§ 1.2 Krav til opplysningars ved  
rammesøknad**  
Saman med søknad om rammeløyve for byggetiltak skal det gjennom søknad for grunn- og terregnarbeid godkjennast ein utomhusplan som viser området si utforming og tilgjengelegheit. Planen skal vise plassering og utforming av areala for aktivitet, veger (med kotall), stiar, eksisterande og framtidig terren og vegetasjon. Utomhusareala skal oppfylle fastsette krav i føresegnene til storlek og kvalitet samt prinsippa for universell utforming.

**§ 1.3 Rekkjefølgjekrav**

**1.3.1 Før rammesøknad**

Skal det utarbeidast ein VA-plan som skal godkjennast av kommunen.

**1.3.2 Før midlertidig  
bruksattest/ferdigattest**

- skal avlopsanlegg i samsvar med VA-rammeplan vere ferdigstilt, godkjent og i drift.

-skal fellesareal for omsøkte felt vere opparbeidd.

-skal f\_Lek1 og f\_Lek2 vere ferdig opparbeidd i tråd med godkjent utomhusplan.

**§ 1.4**

**Terregnbearbeiding**

Terrenginngrep skal gjerast varsamt. Veiskjeringar og fyllingar skal plantast til eller bearbeidast.

**§ 1.5**

**Tilgjenge/universell utforming**

Minimum 10 % av parkeringsplassane skal imøtekommne krava til universell utforming.

Minimum 30 % av einingar i felta BK1-BK5 skal tilretteleggast etter gjeldande prinsipp om universell utforming.

**§ 1.6**

**Kulturminne**

**Automatisk freda kulturminne**

Dersom gjenstandar, konstruksjonar eller andre funn vert oppdagat i samband med gravarbeid, skal arbeidet stoppast omgåande og kulturminnemynde skal underrettast, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

**§ 1.7**

**Arkitektur, estetikk og kvalitet**

Ny busetnad skal, når det gjeld volum, materialbruk og fargar, utformast på ein slik måte at området samla står fram med eit

godt heilskapleg preg.

### § 1.8 Eigarforhold

#### Eigarforhold – køyreveg

- f\_V1 er felles for eigedomane 196/6, 196/7, 196/105, 196/115, 196/69 196/35 og 196/118.
- f\_V2 er felles for 196/2, 196/7, 196/11, 199/36 og 196/99.
- f\_V3 er felles for BF5, BF9 og UN3 og UN4.
- f\_V4 er felles for BK5 og BK4.
- f\_V5 er felles for eigedomane 195/171, 195/86.
- f\_V6 er felles for BF8

#### Eigarforhold – leikeplassar, renovasjon og grøntstruktur

- f\_Lek1 er felles for BK1-BK5.
- f\_Lek2 er felles for BK4 og BK5.
- f\_REA1 er felles for BK2
- f\_REA2 er felles for BK1, BK3, BK4 og BK5.
- f\_G1 er felles for tilgrensande eigendomar

#### Offentlege område

- o\_V1-3 Køyreveg
- o\_FR1-2
- o\_TV1-3
- o\_GV1
- o\_FTA1-3
- o\_VS
- o\_VT
- o\_VG
- o\_G1-2
- o\_NNS1
- o\_FB1-2

## § 2

### BYGNINGAR OG ANLEGG

(tbl §§ 12-5 nr. 1 og 12-7)

### Føremål, byggjegrenser, utnytting og byggjehøgder

#### § 2.1 Byggje- og føremålgrenser

Bustadene skal plasserast innanfor byggjegrensa. Frittståande garasjer kan plasserast utanfor byggjegrense og inntil 0,5 m fra formålgrense. Der byggjegrensa ikkje er vist går den i føremålgrensa.

Mindre justeringar av føremåls- og byggjegrensa kan tillatast i samband med byggjesøknad.

#### § 2.2 Utnytting

Grad av utnytting i kvart delfelt er vist på plankart. Parkering under terreng inngår ikkje i utnyttingsgraden til BK5.

Felta BF1-BF9 omfattar eksisterande bustadområder.

#### Byggjehøgde

Der ikkje anna er oppgitt er maks møne- og byggjehøgde over gjennomsnittlig terrengnivå vist på plankart.

Det kan tillatast mindre takoppbygg på maksimalt 10 % av takarealet inntil 3 m over angitt maksimale høgd.

#### § 2.4 Bustader-frittliggjande-småhus (BF)

BF1-BF9 omfattar eksisterande bustadområde. Sekundære bueininger er tillate dersom krav til uteophaldsareal og parkering er løyst.

#### § 2.5 Bustader-konsentrert-småhus (BK)

I BK1-BK5 skal det etablerast konsentrert småhusbusetnad.

**§ 2.6 Fritidsbusetnad – frittliggjande (FF)**

I FF1 er maksimum BYA = 20 % jf. arealdelen til kommuneplanen 2011-2023.

I FF2 er utnytting og høgde tilsvarende eksisterende situasjon, %-BYA = 15 %.

**§ 2.7 Naust (UN)**

Etablert bruk av naust i felt UN1-UN4 vert oppretthalde. I felt UN1-4 skal det ikke oppførast nye naust.

Eksisterende naust kan fornyast eller utvidast, evt. gjenoppbyggjast.  
Maksimum BRA kan ikke vere større en eksisterende naust.

Maks mønehøgde er oppgitt i plankartet.

**§ 2.8 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (SAS)**

Etablert bruk av naust og båtanlegg vert oppretthalde. Oppføring av nye naust er ikke tillate.

Eksisterende naust kan fornyast eller utvidast, evt. gjenoppbyggjast.  
Maksimum BRA er 45 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftstrom skal ikke ha måleverdig areal. Altan, utkraging eller terrassar er ikke tillate. Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°.

Maks mønehøgde er 5 m.

Oppføring av nye naust er ikke tillate.

**§ 2.9 Renovasjonsanlegg (REA)**

I områda REA1-2 kan det etablerast oppstillingsplass for boss og tilhørende tiltak.

**§ 2.10 Leikeplass (LEK)**

Det skal opparbeidast leikeplassar i område merka med Lek i plankart. Leikeareala skal opparbeidast med god kvalitet og på en måte som gir varierte leikemoglegheiter.

**§ 2.11 Minste uteopphaldsareal**

Minste privat og felles uteopphaldsareal (MUA) pr. nye bueiningar i planområdet skal til saman vere minst 200 m<sup>2</sup> for frittliggende småhus og 50 m<sup>2</sup> for konsentrert småhus.

For konsentrert småhus skal det i tillegg setjast av eit areal på minst 50 m<sup>2</sup> per bueining for felles leik.

Innanfor planområdet skal det i tillegg setjast av eit areal på 250 m<sup>2</sup> til ein områdeleikeplass som skal tilretteleggast for ballspel. Områdeleikeplassen kan etablerast innanfor føremål f\_Lek, friområde eller grøntstruktur.

MUA for konsentrert småhus kan løysast i områda for felles leik og innanfor felt BK1-5. Det er også tillate å etablere felles uteopphaldsareal på tak for felt BK1, BK2, BK3, BK4 og BK5.

**§ 2.12 Kvalitetskrav til uteopphaldsareal medregna i MUA**

MUA skal ha kvalitetar i tråd med kommuneplanens arealdel 2011-2023.

**§ 2.13 Parkering**

I delfelt BK2, BK3 og BK4 kan det etablerast parkeringsgarasje i kjellar eller i underetasje.

### **§ 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

(tbl § 12-5, nr. 2)

**§ 3.1 Køyreveg (V)**

$\circ$ \_V1-3 skal opparbeidast i samsvar med plankartet. Det kan gjerast mindre avvik frå dette i samråd med aktuell vegmynde.

Avkøyringspiler i plankartet og illustrasjonsplan er retningsgivande for plassering og utforming av inn- og utkøyring. Utforming av inn- og

utkøring skal vere i samsvar med handbok 017.

### § 3.2 Gangveg (GV) og fortau (FTA)

Gangvegar og fortau skal opparbeidast som vist i reguleringsplanen. Det er tillate å etabler inn/utkjøring over føremål FTA og GV.

### § 3.3 Annan veggrunn – grøntareal og teknisk anlegg

Det er tillate med septiktankar og anna teknisk infrastruktur innanfor føremålet. Det er tillate med nødvendige tiltak i samband med vedlikehald og tömming av septiktankar innanfor føremålet.

Annen veggrunn- grøntareal skal plantast til eller handterast på annan tiltalande måte. Septiktankar skal haldast fri for vegetasjon.

### § 3.4 Parkering

For frittliggende småhus skal det etablerast 2 parkeringsplassar per bueing på eiga tomt, dersom det ikkje er vist felles parkeringsplass på plankart.

For konsentrert småhus skal det etablerast minimum 1,5 og maksimum 2 parkeringsplassar per bueing.

For fritidsbustad er det tillate med minimum 2 og maksimum 3 parkeringsplassar per hytteining.

For eksisterande bustadområde innanfor planområdet gjeld parkeringsføresegna først når det vert søkt om tiltak på den aktuelle tomta.

### § 4.2 Vegetasjonsskjerm (VS)

$o\_VS$  skal plantast til eller handterast på annan tiltalande måte.

Det er tillate med etablering av støyskjerm innanfor  $o\_VS$ .

### § 4.3 Grøntstruktur (G)

Det er tillate med etablering av sti i føremålet.

Det er tillate med vegfylling i areal som grensar til  $o\_V1$ .

### § 4.4 Turveg (TV)

$o\_TV1$ ,  $o\_TV2$  og  $o\_TV3$  skal fungera som snarvegar gjennom planområdet.

## § 5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRENDE STRANDSONE (tbl § 12-6 jf § 11-8)

### § 5.1 Fiskebruk (FB) og Naturområde (NSS)

Tiltak som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikke tillate.

Det er tillate med tiltak som er naudsynt for fortøyning av anlegg for akvakultur, fiske eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett.

Etablerte båtplassar og bøyer til båtfortøyning innanfor føremål kan oppretthaldast.

## § 4 GRØNNSTRUKTUR (tbl § 12-5 nr. 5)

### § 4.1 Friområde (FR)

I FR1-2 er det tillate å etablere stiar. Området kan nyttast til rekreasjon og badepllass.

## § 6

### Omsynsoner

(tbl §§ 12-6)

#### § 6.1 Frisiktsone

I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 m over planet på tilstøyande vegar.

## § 7

### FØRESEGNOMRÅDE

(tbl § 12-7)

#### 7.1 Føresegnområde #1

##### 7.1.1 Garasje

Det er tillate å etablere garasje under bakken med tilhøyrande innkøyring frå aust innanfor føresegnområde #1.

Maksimum storleik for garasjen er 70 m<sup>2</sup> og maksimum byggjehøgde er 5 m. Garasjen skal plasserast minimum 1,0 m ifrå nærmeste bygg.

Berre fasade mot aust skal være synleg

#### 7.2 Føresegnområde #2

##### 7.2.1 Snøopplagring

Det tillates snøopplag ved vintervedlikehald innanfor føresegnområde # 2.